



# Planstrategi 2020 - 2023

ME LØFTER I LAG



# Innhald

Innhald .....	1
Formål med planstrategi.....	3
Overordna føringar.....	4
FNs berekraftmål .....	4
Nasjonale forventningar .....	4
Regionale føringar og planar.....	5
Andre kommunar .....	5
Viktige utviklingstrekk.....	6
Bustadbygging og befolningsvekst .....	8
Økonomisk berekraft.....	9
Sosial berekraft.....	10
Miljømessig berekraft.....	14
Vurdering av planbehov .....	16
Ny kommuneplan.....	17
Plantabell for kommunestyreperioden .....	22

# Formål med planstrategi

Formålet med kommunal planstrategi er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp eller vidareføra for å leggja til rette for ønska utvikling i kommunen. Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal det nye kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen skal heilt eller delvis reviderast, og kva revisjonen skal gå ut på. I dei politiske diskusjonane om og eventuelt i kva grad kommuneplanen skal reviderast vil planbehovet kunna avgrensast til særskilte tema eller satsingsområde.

Arbeidet med kommunal planstrategi vil gi ei betre og meir systematisk vurdering av kommunen sitt planbehov slik at kommunen kan møta dei aktuelle utfordringane betre. Ei viktig grunngjeving for innføringa av kommunal planstrategi er at kommunepolitikarane tidleg skal kunna gjera seg kjende med kommuneplanen som styringsverktøy, og ta stilling til om dei ønskjer endringar i dei måla og strategiane som er nedfelt i planen.

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan og er derfor ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar. Det er eit godt verktøy for å drøfta utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon som grunnlag for å vurdera planbehovet i kommunestyreperioden. Ved å definera kommunen sitt planbehov kan ein gjennom tidleg prioritering effektivisera den vidare planprosessen. På denne måten blir planlegginga behovsstytt og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

# Overordna føringar

## *FNs berekraftmål*

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremja sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FNs berekraftmål er verdas felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd og god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.

*Figur 1. FNs berekraftmål*



## *Nasjonale forventningar*

Kvart fjerde år legg regjeringa fram «Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging». Desse forventningane skal leggjast til grunn i kommunen sitt arbeid med planstrategi for perioden.

Regjeringa legg vekt på at me står overfor fire store utfordringar:

1. å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
2. å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvalting
3. å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
4. å skapa eit trygt samfunn for alle

Dei regionale og lokale myndighetene har sentrale oppgåver med å handtera desse utfordringane.

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftmål skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane òg i Noreg. Det er difor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftmåla skal sikra sosial rettferd, god helse og stogga tap av naturmangfald og klimaendringar.

## *Regionale føringar og planar*

I gjeldande regional planstrategi for Rogaland 2017-2020 blir samfunnsmessige utfordringar, regionale utviklingstrekk og ei anbefalt utviklingsretning med forslag til visjon og mål for fylkeskommunen si verksemد beskriven. Strategien skildrar vidare kva for planar som skal reviderast og/eller utviklast i perioden, samt kva for område som særleg vil bli prioriterte og følgde opp gjennom planfagleg rettleiing og regionalt utviklingsarbeid.

I regional planstrategi for Rogaland 2017-2020 er det vurdert følgande planbehov for neste periode:

- Overordna fylkesstrategi
- Oppdatering av Regionalplan Jæren
- Revisjon av Regionalplan for areal og transport i Dalane
- Samferdselsstrategi
- Strategi for bioøkonomi
- Revisjon av gjeldande strategi for internasjonalt arbeid

## *Andre kommunar*

Plan- og bygningslova føreset at det blir innhenta synspunkt frå nabokommunane når planstrategien skal utarbeidast. Det blei halde eit møte med nabokommunane 30. oktober 2019 om arbeidet med dei komande planstrategiane. Saman med Gjesdal, Klepp og Time blei det gjort opp status i arbeidet og diskutert felles utfordringar.

Alle kommunane arbeider for å ta inn FN sine berekraftmål i arbeidet med kommunal planstrategi og ser det som naturleg at desse blir brukt til å beskriva utviklingstrekk og utfordringar, som igjen vil danna grunnlag for å vurdera kommunen sitt planbehov.

Det blei diskutert om det var behov for ein felles landbruksplan for Klepp, Time og Hå, utan at det blei konkludert med noko. Hå kommune har dessutan akkurat starta arbeidet med å utarbeida eigen landbruksplan.




# Viktige utviklingstrekk

I kommunal planstrategi skal det nye kommunestyret ta stilling til korleis Hå-samfunnet skal utviklast vidare og kva satsingsområde kommunen skal ha i kommuneplanarbeidet. Når planstrategien peikar ut særskilte tema og satsingsområde er det viktig at desse blir tekne med vidare inn i planprogrammet for kommuneplanrevisjonen. Satsingsområda skal ta omsyn til både sosial, miljømessig og økonomisk berekraft på kort og lang sikt.

FN viser til tre dimensjonar i berekraftig utvikling. For å skapa berekraftig utvikling må me jobba på tre område: «Klima og miljø», «Økonomi» og «Sosiale forhold». Det er samanhengen mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig (sjå figur 2). FNs berekraftmål er verdas felles arbeidsplan for å uthydda fattigdom, kjempa imot ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Fordi berekraftmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng, inneber oppfølginga av måla ei heilskapleg tilnærming til framtidig oppgåveløysing på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.

Kommunen sin økonomi og evne til å løysa oppgåver i samspel med lokalsamfunnet, nabokommunar og myndigheiter er ein viktig del av ei berekraftig utvikling for Hå-samfunnet. Som grunnlag for ein god politisk og offentleg debatt om kommunen sine satsingsområde i samfunnsdelen er det laga ei kort skildring av dei tre dimensjonane ved berekraftig utvikling i Hå-samfunnet.

Figur 2. Forholdet mellom berekraftdimensjonane og FNs berekraftmål



## Bustadbygging og befolkningsvekst

Hå kommune har utarbeidd gjeldande kommuneplan for ein periode med historisk høg vekst. Hovudmålet med planen er å konsentrera bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka for å takla framtidig vekst, samtidig som nedbygging av grøntareal og matjord skal avgrensast. Konsentrasjon av bustadar i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka stiller store krav til tilstrekkeleg og gode uteareal, og til utforming og variert samansetting av den nye bustadmassen for å kunna ivareta bu- og områdekvalitetar.

I kommuneplanen for 2014-2028 var det lagt til grunn ein årleg befolkningsvekst på om lag 2,1 prosent eller 438 personar. Dette var i tråd med Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt hovudalternativ for framskriving av folkemengd (frå juni 2012). Gjennomsnittleg årleg folkevekst har i perioden 2014-2019 vore på om lag 0,8 prosent eller 146 personar.

Frå 2012 har Hå kommune utarbeidd eigne prognosar basert på SSB sine framskrivingar for heile kommunen og KOMPAS modellen for å fordela folke- og barnetal på dei ulike krinsane. Framskrivinga bygger på ein føresetnad om at befolkningsveksten blir geografisk fordelt ut frå kommuneplanen sitt bustadbyggeprogram på 166 bustadar i året.

### Forventa bustadvekst/-bygging

I perioden 2014-2019 blei det i gjennomsnitt teke i bruk 100 bustadar kvart år. Dette er for det meste nye bustadeiningar i blokk (om lag 54 prosent) og einebustadar (om lag 38 prosent). Nesten halvparten av desse bustadane blei bygde på Nærbø (om lag 45 bustadar kvart år).

Det kjem fram av «Kommuneplan 2014-2028» at me skal legga til rette for bygging av nesten 170 nye bustadar kvart år med ei forventa årleg befolkningsvekst på vel 2 prosent, både vekst i bustadbygging og folketal har vore klart lågare enn føresetnadane frå kommuneplanen. Lågare vekst vil i kommuneplansamanhang føra til at det tilgjengelege utbyggingsarealet og arealreservane innanfor langsiktig grense varer lengre. Arbeidet med å revurdera føresetnadane for kommuneplanen bør starta snarast, både med tanke på arbeidet med ny kommuneplan og for det komande arbeidet med økonomiplan, barnehage- og skulebruksplan.

Det ligg ei forventning om at me skal legga til rette for høg arealutnytting i stasjonsbyane gjennom fortetting og transformasjon med kvalitet. Det er her snakk om å ta vare på arealreservane og ikkje legga ut nytt tilgjengeleg utbyggingsareal som kan legga press mot tilgrensande landbruksområde. For stasjonsbyane Nærbø, Varhaug og Vigrestad skjer utbygginga hovudsakleg av private og i aukande grad som fortettingsprosjekt. «Kommuneplan 2014-2028», kommunedelplanen for Nærbø sentrum, og etterkvart ny kommuneplan og kommunedelplanane for Varhaug og Vigrestad sentrum vil gi oss gode styringsverktøy for framtidig utbygging.

For Stokkalandsmarka er situasjonen annleis. Her har kommunen kjøpt eller har opsjon på kjøp av store utbyggingsareal. I kommuneplanen er Stokkalandsmarka utpeikt som eit hovudutbyggingsområde kor det skal leggast til rette for 54 nye bustadar i året. Salet av bustadtomter har i perioden 2014-2019 vore lågare enn føresett, og i gjennomsnitt har det blitt bygd 15 bustadar i året. Utbygging av både det kommunale og private tenestetilbodet er

viklig for å gjera Stokkalandsmarka attraktiv for bustadbygging. Eit godt barnehage- og skuletilbod kan, saman med etablering av nærbutikk, truleg vera viktig for å tiltrekka seg tomte- og bustadkjøparar.

## Økonomisk berekraft



Befolningsvekst bidrar til utvikling, fornying og mangfald. Nye innbyggjarar betyr auka inntekter, men òg auka utgifter. Dei frie inntektene er summen av inntektsskatt, formuesskatt og statlege rammeoverføringer. I 2014 hadde kommunen 800 millionar i skatteinntekter og rammetilskott. I 2019 utgjorde skatteinntekten og rammetilskottet 1 milliard kroner.

Skatteinntekten og rammetilskottet er kommunen sine største inntektskjelder, og utgjer om lag to tredjedelar av dei samla inntektene. Hå kommune hadde ved utgangen av 2019 ein skatteinngang på 83,3 prosent av landsgjennomsnittet. Det er ikkje ein tydeleg samanheng mellom folkeauke/bustadbygging og endring i skatteinngang, men endringa kan sannsynlegvis vera påverka av at fleire unge med lågare inntekt og høgare gjeld flyttar til kommunen.

## Store investeringar i bygg og anlegg

Hå kommune har dei siste åra (frå 2014) gjort betydelege investeringar. Det har vore omfattande utbygging av bl.a. Vigrestad barnehage, Motland barnehage, Bø skule, Også skule, påbygg Varhaug skule og påbygg på Hå sjukeheim. Det er òg investert i grunnkjøp og opparbeiding av Stokkalandsmarka, Tjemslandsmarka og Krusemarka. I tillegg er det blitt investert betydeleg i vegprosjekt, vatn og avløp, og flaumsikring på Vigrestad.

Eit så omfattande investeringsprogram/-nivå krev betydelege midlar. I all hovudsak er investeringane lånefinansierte. Mens kommunen si gjeld i 2014 var på 511 millionar kroner var ho 1,14 milliard kroner ved utgangen av 2019. I same periode var kommunen sine driftsinntekter på 1,23 milliardar kroner i 2014 og 1,51 milliardar kroner i 2019.

Rentenedgang har bidrige til å redusera effekten den auka gjelda har hatt på kommunen sine utgifter. Likevel utgjer renter og avdrag ei betydeleg og aukande belastning sett i lys av ambisjonane som ligg i økonomiplan 2020-2023 med investeringar som bl.a. sambrukshus, avlastningsbustad, hybelhus og vatn, avløp og flaum.

## Større krav til kommunen sitt tenestetilbod

Hå kommune hadde sterkt vekst i perioden frå 2008 til 2014. Det var ei vekst der mykje kom grunna oppgangen i oljenæringa på Jæren, men òg på grunn av arbeidsinnvandring til jordbruksnæringa. Det var nettoinnflytting til Hå både frå andre delar av Noreg og ikkje minst frå utlandet. Veksten dei siste åra har vore vesentleg lågare. Den låge veksten skuldast hovudsakleg negativ eller låg nettoinnflytting. Sjølv om 2017 viste negative tal, viser utviklinga i 2018 og 2019 ein svak positiv vekst.

Den store veksten har lagt eit betydeleg press på kommunen sitt tenesteapparat og infrastruktur. I tillegg til det aukande behovet for tenester som ein konsekvens av veksten, er det ei endring i den eldre befolkninga, og då særleg blant dei som har større behov for tenester. Det er òg fleire innbyggjarar med samansette behov.

Sjølv om det er noko nedgang i talet på ungar som treng barnehageplass, og lågare vekst i talet på ungar som skal ha plass på barne- og ungdomsskuler, vil det framleis vera behov for utbygging og utbetring av barnehagar og skular. Me ser for eksempel at det er nok barnehageplassar på kommunenivå, men at det i nokre krinsar er overkapasitet mens det i andre er underkapasitet.

Seks stasjonsbyar og Stokkalandsmarka gjer det dyrt å drifta tenester i Hå. Utover auka i omfang av tenester og forventning om å få desse der du bur, aukar òg kravet til kvalitet samstundes som fleire tenester blir rettighetsfesta. Eksempel kan vera bemanningsnorm i skule og barnehage. Alt dette stiller større krav til kommunen og gir økonomiske forpliktingar.

## Høg gjeld vil krevja god økonomistyring dei komande åra

Det er ei utfordring at dei økonomiske forpliktingane er store på grunn av høgt lånepptak. Låneutgiftene vil auka i økonomiplanperioden 2020-2023, samtidig er behovet for nye og fleire tenester aukande. Kommunen sine moglegheiter til eigne inntekter er avgrensa. Hå har låge kommunale avgifter. Når inntektsnivået i liten grad kan påverkast, står det att å redusera utgiftsveksten, både gjennom meir effektiv drift og billigare tenester, eller ved eit lågare investeringsnivå.

## Sosial berekraft



Den sosiale delen av berekraftig utvikling handlar om å sikra at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. Hovudmålet for Hå kommune er at «Det skal være godt å bu, leve og arbeide i Hå». Eit velfungerande, trygt og berekraftig samfunn sikrast gjennom gode og helsefremjande bummiljø, nærdemokratiske løysingar og berekraftige og heilskaplege tenester. Utvikling av stasjonsbyane og Stokkalandsmarka skal legga til rette for tilhørsle og gode møteplassar for innbyggjarar, frivillige og næringsliv. Alle innbyggjarar skal ha gode bustad- og leveområde, tilrettelagt for samvær og livsutfolding på tvers av alder, økonomi og kultur, slik at helsefremjande forhold som tryggleik, livsmeistring og fysisk aktivitet utviklast. Det blir lagt vekt på sambruk av kommunale bygg og anlegg.

## Evne til fornying – forenkla, fornya og forbetra

Hå kommune må jobba på ein annan måte for å ha moglegheiter til å oppfylla krav om lovpålagte tenester i dag og tida framover for innbyggjarane. I Hå kommune har me valt å samla alt arbeidet me gjer med forenkling, fornying og forbetring i «Framtidsløftet». Framtidsløftet er den strategiske satsinga for å bli betre rusta til å møta utfordringane i framtida. For å koma dit, er innovasjon og digitalisering to nøkkelord. Hå kommune er, og vil

vera, pådrivar for forenkling, fornying og forbetring i heile organisasjonen. Det vil krevja at me jobbar aktivt på tvers av tenesteområda for å finna nye, innovative og digitale løysingar til gode for innbyggjarane. Samarbeid mellom offentlege verksemder, forskingsmiljø, innbyggjarar, lag, foreiningar og næringsliv er naudsynt for å lukkast.

## Frivillig arbeid og organisasjonsliv

Det er eit rikt organisasjonsliv i Hå kommune. Lag og foreiningar driv eit samfunnsnyttig arbeid som fremjar trivsel og verkar førebyggande. Å oppretthalda barne- og ungdomstilboda i det frivillige organisasjonslivet er viktig for å ha gode bu- og nærmiljø.

Frivilligkeit blir ein stadig viktigare del av det kommunale tenestetilbodet, spesielt innanfor aktivering av eldre og funksjonshemma. Med fleire eldre som bur i eigen heim vil behovet for å motverka einsemd og meir aktivitet auka. Her får frivillig innsats ei viktig rolle.

Hå kommune har valt å legga til rette for vekst og utvikling av frivillig arbeid gjennom aktivitetsauke i Frivilligsentralen i tråd med plan for «Frivillig arbeid». «Frivilligbørsen» i 2019 blei en suksess som må gjentakast.

## Tidleg innsats og inkludering

Hå kommune har hatt ein periode med historisk høg vekst, på grunn av stor bustadbygging og tilflytting i perioden 2008-2014. I denne perioden er ikkje minst innvandring og arbeidstilflytting ei hovudårsak til den sterke veksten, grunna ein særslig høg oljepris og tilhøyrande stor vekst i oljenæringa nasjonalt, men særleg i Rogaland.

Veksten gav kommunen ansvar for fleire barn og unge, og utfordra kapasiteten innanfor fleire av tenestene. Det måtte skaffast fleire barnehage- og skuleplassar, og behovet for hjelpetenester til barn og unge auka i denne perioden. I dei seinare åra har utfordringa vore knytt til auke i innvandring og fleire flyktningar. Med auka innvandring og fleire flyktningar har barnehagane, skulane, kulturarenaer, lag og foreiningar ei viktig rolle med tanke på å inkludera dei nye innbyggjarane i lokalsamfunnet og skapa ein låg terskel for deltaking.

Dei siste åra har Hå kommune valt å legga vekt på at barn og unge frå familiar med låg inntekt skal begynna på minst ein fritidsaktivitet. 293 barn i Hå kommune veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Det er urovekkande at foreldra til desse barna ikkje har råd til å betala for medlemsskap i fritidsaktivitetar og nødvendig utstyr. Ungane fell utanfor viktige sosiale fellesskap. Ei ekstra utfordring er at 204 av dei 293 barna er innvandrarbarn. Kommune har derfor satsa mykje på innovasjonsprosjektet «Alle med i Hå».

Dei seinare åra har det vore auka merksemd om mobbing i skulen, og skulane har scora lågt på mobbing og låg elevmotivasjon i elevundersøkinga. Gjennom Jærskule-samarbeidet er alle skulane i kommunen engasjerte i arbeid med skuleutvikling. Målet med dette samarbeidet er at det skal gi leiing og tilsette den styrken som skal til for å oppnå eit betre læringsresultat for grunnskuleelevarane på Jæren.



## Folkehelse

Målet med folkehelsearbeidet er å redusera sosial ulikskap i helse, og sikra gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar. Folkehelsearbeid er å skapa gode oppvekstvilkår for barn og unge, legga til rette for sunne levevanar, fremja fellesskap, tryggleik, inkludering og deltaking. Det handlar om å førebygga skadar, og beskytta mot helsetruslar. I arbeidet med folkehelseoversikta har me hatt særleg fokus på barn og oppvekstvilkår.

### *Fysisk aktivitet*

Vaksne i Rogaland er nest dårlegast i landet når det kjem til fysisk aktivitet, mens ungdom i Hå er litt meir fysisk aktive enn ungdom i resten av landet. Hå kommune har ein litt høgare andel ungdommar som er medlemmar i idrettslag enn resten av landet, men likevel er andelen lågare enn for regionen. Regelmessig fysisk aktivitet i barne- og ungdomsåra er viktig for å førebygga og i ein del tilfelle og lindra både kroppsleg og psykisk sjukdom.

### *Sosial ulikskap og helse*

Hå kommune skil seg ikkje mykje frå landsnivået i forventa levealder i høve utdanningsnivå. Som for landet elles, er det sosiale helseskilnadar for nesten alle sjukdommar, plagar og skadar i Hå kommune. I den delen av befolkninga som har låg utdanning og/eller låg inntekt, er dødelegeita av hjerte- og karsjukdommar samla sett høgare enn blant dei som har høgskule- og universitetsutdanning. Dei siste åra har det vore ei auke i andelen barn i hushald med langvarig låg inntekt.

### *Psykisk helse og livskvalitet*

Hå kommune har færre brukarar med psykiske plagar og lidningar i primærhelsetenesta enn kommunar me samanliknar oss med og landet elles. Sidan 2012 har det likevel vore ei auke i den yngste aldersgruppa, 15 til 29 år. Satsing på god psykisk helse med tidleg tverrfagleg samarbeid og gode førebyggande tiltak er viktig for å oppnå resultat. Hå har blant anna hatt særleg fokus på psykisk helse i tverrfagleg ungdomsteam.

Hå kommune har fleire ungdommar som bruker cannabis enn kommunar me samanliknar oss med i Rogaland. Me har òg ein auke i utagerande åtferd og regelbrot. SLT-koordinatorane arbeider for å samordna det rus- og kriminalitetsførebyggande arbeidet i kommunen, og ein satsar først og fremst på tiltak i ungdomsskulen. Det er der ein møter flest ungdommar og føresette. I tillegg arbeider me systematisk i ressursmøter i skulane med tverrfagleg kompetanse.

## Miljømessig berekraft



Eit aktivt og mangfaldig landbruk gjer at over 60 prosent av klimagassutsleppa i Hå kommune kjem frå landbruket. Jordbruket er den største kjelda til direkte klimagassutslepp i Hå, etterfølgd av dieseldrivne motorreiskap (16 prosent) og vegtrafikk (16 prosent). Det går fram av planprogrammet for kommunedelplan for landbruk at mål om utsleppsreduksjon vil bli formulert med omsyn til at Hå kommune er ein av dei største landbruks- og husdyrkommunane i landet.

Hovudutfordringa Hå har i samanheng med mobilitet, er knytt til bustadbygging og befolkningsvekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka. Ei framtidig trafikkauke kan delvis løysast ved at trafikken kan leiaut på eit overordna vegnett utanom tettstadane samtidig som jernbanen utgjer ryggrada i kollektivsystemet. Ei vidareføring av dobbeltsporet og flytting av jernbanestoppet på Brusand kan bidra til å løysa bustad- og transportbehovet i kommunen, samtidig som det kan bidra til langsiktig vern av prioriterte landbruks-, natur- og kulturvernområde.

### Tilpassing til klimaendring

Berekraftig forvalting av miljø- og naturressursar er eit mål i kommuneplanen. Hå kommune har ei viktig rolle som samfunnsutviklar i høve dei utfordringane som klimabiletet framover viser. Kommunen har ein viktig jobb å gjera med å syta for at samfunnet er tilpassa klimaendringar. Klimatilpassing er samanvevd med fleire av kommunen sine ansvarsområde.

Arealplanlegginga i kommunen må syta for at nye område som blir bygd ut, ikkje blir trua av for eksempel overvatn og flaum. Dette er ikkje noko nytt, men med eit villare og våtare klima blir utfordringane knytt til ekstremvær større. Fortetting i stasjonsbyane kan ha følger for kor godt eit område tar imot nedbør.

Vatn- og avløpshandtering må kunna handtere dei normale nedbørsmengdane i samsvar med vedtekne retningslinjer for dimensjonering. Sidan 2011 har Hå kommune hatt ein vatn- og avløpsnorm som er utarbeidd i samarbeid med andre kommunar på Jæren.

Eigedomsavdelinga arbeider saman med Niras AS om energimerking, energikartlegging og utarbeiding av grunnlag for avgjerd om vidare arbeid.

Hå kommune vil gjennomføra ei systematisk omstilling slik at den kommunale kjøretøyparken om nokre år hovudsakleg består av utsleppsfrie kjøretøy.

I samarbeid med Kolumbus er det lagt opp til elektriske bisyklar på Nærbø. Det er sett ut fleire syklar og ladestasjonar – spreidd over viktige målpunkt på Nærbø.

## Overordna arealstrategi

Hå kommune har ein langsiktig arealstrategi som fastset langsiktig grense mellom tettstad og landbruk. Nærbø, Varhaug og Vigrestad ligg alle innanfor det området som i regionalplan for Jæren er karakterisert som kjerneområde landbruk. Hovudmålet med planarbeidet er å koncentrera bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka for å takla framtidig vekst, samtidig som nedbygging av grøntareal og matjord skal avgrensast.

## Næringsliv og sysselsetting

Hå kommune har ca. 8000 arbeidsplassar. 73 prosent av befolkninga mellom 15 og 74 år er i arbeid, mot 67 prosent på landsbasis. Om lag halvparten av alle som bur i Hå kommune og har ein jobb, pendlar ut av kommunen. Andelen personar som pendlar inn i kommunen, utgjer om lag 30 prosent. Dette viser at arbeidsmarknaden i Hå kommune er tett kopla med arbeidsmarknaden utanfor kommunen.

Inn- og utpendlinga skaper betydeleg transport kvar einaste dag, og eit godt tilrettelagt og effektivt kollektivtilbod er avgjerande for å få fleire til å nytta seg av kollektivtransport.

Utviklinga den seinare tida viser at det har vakse fram ei rekke industribedrifter samtidig som det har kome eit mangfold av bedrifter knytt til oljenæring, bygg, anlegg og servicenæring.

Kommunen har som mål å avlasta presset på landbruksjord rundt tettstadane i nord med å tilby næringsareal i Kviamarka, Vigrestad/Stokkalandsmarka og sør i kommunen. Det må likevel vera noko areal disponibelt i Nærbø og Varhaug for å dekka bedrifter sine behov for lokalisering nær tettstadane, både med omsyn til transport og til auka folketal.

## Kviamarka

Hå er den største husdyrkommunen i Noreg, og om lag halvparten av arealet i kommunen blir brukt til jordbruksformål. Kommunen legg bevisst opp til å fornya det tradisjonelle jordbruket ved å støtta framveksten av ei miljøvennleg industriklynge av matprodusentar i Kviamarka.

Hå kommune vil spara matjord, skapa arbeidsplassar og i tillegg legga til rette for kunnskapsdeling og samarbeid mellom bedrifter for å skapa nye og berekraftige løysingar. Derfor tek kommunen posisjon ved å kjøpa opp land, bygga infrastruktur og å regulera området til næringsmiddelindustri. Ved å prisa tomtene gunstig, og samtidig vera ein målbevisst grunneigar, lukkast kommunen i å trekka til seg store aktørar.



Rundkjøringa ved framtidig sentrum i Stokkalandsmarka

# Vurdering av planbehov

## Ny kommuneplan

Den gjeldande kommuneplanen for Hå blei vedtatt i desember 2014. Kommuneplanen behandler kommunen sine langsiktige utfordringar, overordna mål og strategiar for ein 14-årsperiode. «Kommuneplan 2014-2028» bygger på ein langsiktig arealstrategi som tar sikte på å fastsetta langsiktig grense mellom tettstad og landbruk, satsing på fortetting i stasjonsbyane, utbygging i Stokkalandsmarka, og traséavklaringar for hovudvegane på Nærø, Vigrestad og Stokkalandsmarka/Brusand.

Det går fram av gjeldande planstrategi 2016-19 som blei vedtatt 15. september 2016 i K-sak 051/16, at kommuneplanen skal reviderast i perioden 2019-2023, og at ein blant anna skal ta stilling til ny omkjøringsveg på Varhaug og vidareføring av omkjøringsvegen på Vigrestad.

## Samfunnsdel med tydelige prioriteringar

Gjeldande kommuneplan har to delar – ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnssdelen omhandlar visjon og satsingsområde for Hå kommune. Arealdelen omhandlar føresetnader og arealbehov, areal og utbyggingsstrategiar, føresegner og retningslinjer

Visjonen er: *Me løfter i lag*

Open, Driftig og Stolt er verdiane til Hå kommune, og er meint å styra korleis kommunen driv både politisk og administrativt.

Hovudmål: *Legga til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det blir tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfold og kulturlandskap.*

Samfunnssdelen har eit kapittel om visjon, hovudmål og strategiar, som ikkje direkte blir følgd opp av dei ulike tema- og satsingsområda «kulturlandskapet», «framskrivingar», «gode bu- og næringsmiljø», «sysselsetting og næringsliv», «klima og energi», «kommunal beredskap», «kommuneorganisasjonen» og «kommunale tenestene».

Erfaringane med den gjeldande samfunnssdelen er blant anna at den er for generell og har for mange mål og strategiar, i tillegg til å ha eigne mål for kvart tenesteområde. I arbeidet med den nye samfunnssdelen blir det lagt opp til ein enklare plan med tydelegare satsingsområde som skal gi retning for vidare oppfølging.

FNs berekraftsmål vil utgjera det overordna rammeverket for utviklinga av Hå-samfunnet og utarbeiding av nye mål for ny kommuneplan. Seks berekraftmål utpeikar seg som dei mest vesentlege for Hå, og desse dannar utgangspunkt for satsingsområda i ny kommuneplan (sjå eigen vedlagt rapport).

Figur 3. Forslag til berekraftmål som skal danna utgangspunkt for nye satsingsområde

	«Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder»		«Sikre inkluderende, rettferdig og god utdanning, og fremme muligheter for livslang læring for alle»
	«Bygge robust infrastruktur, fremme inkluderende og bærekraftig industrialisering og bidra til innovasjon»		«Gjøre byer og bosetninger inkluderende, trygge, motstandsdyktige og bærekraftige»
	«Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem»		«Styrke gjennomføringsmidlene og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling»

Med bakgrunn i dei føreslårte berekraftmåla er det definert følgande satsingsområde for ny kommuneplan: «God helse», «God utdanning», «Innovasjon og infrastruktur», «Bærekraftige tettstader og samfunn», «Stoppe klimaendringane», og «Samarbeid for å nå måla».

Alle satsingsområda er tenkt å vera tverrsektorielle. Dette betyr at dei skal gjelda for alle tenesteområda, og at me må arbeida saman på tvers av sektorar for å oppnå den utviklinga me ønskjer.

Visjon, hovudmål og arealstrategiar er i den gjeldande kommuneplanen langsiktige. Det skal i arbeidet med den nye kommuneplanen tas stilling til om dei skal vidareførast eller endrast.

## Arealdel

Nærø, Varhaug og Vigrestad ligg alle innanfor det området som i regionalplanen for Jæren er karakterisert som kjerneområde for landbruk. Både i kommuneplanperioden 2014 til 2028 og i eit 40-års perspektiv bygger den langsiktige arealstrategien på at ein vesentleg del av bustadbygginga skal skje ved fortetting og transformasjon av eksisterande industriareal og bustadområde innanfor tettstadane. Ein avgjerande føresetnad for dette er at den auka biltrafikken ei slik fortetting fører med seg, delvis kan løysast ved at trafikken blir leidd ut på eit overordna vegnett utanom tettstadane. For Nærø og Vigrestad blir dette løyst gjennom fullføring av eit ringvegsystem. For Varhaug er problemstillinga ikkje løyst, og kommunestyret har vedtatt at me skal koma tilbake til moglege løysingar i framtidige kommuneplanar.

Dei siste åra har bustadbygginga og folkeveksten vore vesentleg lågare enn føresetnadane i kommuneplanen. Dette har likevel lite å seia for den langsiktige arealstrategien. Ei lågare vekstrate vil medføra at tilgjengelig utbyggingsareal vil vara lengre fram i tid. For stasjonsbyane, Nærø, Varhaug og Vigrestad vil utbygging i større og større grad skje i form av fortettingsprosjekt. Her vil kommunedelplanen for Nærø sentrum, og etter kvart kommunedelplanane for Varhaug og Vigrestad sentrum gi kommunen gode styringsreiskap. Det kan vera lurt å ikkje legga ut meir utbyggingsareal på Nærø og Varhaug både for å

oppretthalda eit strengt jordvern og syta for at mest mogleg av utbygginga kjem som fortettingsprosjekt i sentrumsområda, og på den måten bidra til å realisera sentrumsplanane.

### ***Omkjøringsveg Varhaug***

Det kjem fram av «Kommuneplan 2014-2028» at kommunen ved komande planrevisjonar skal vurdera alternative vegtraséar utanfor Varhaug. I gjeldande planstrategi står det at det skal prioriterast å gjennomføra trafikkanalyse for å få dei nødvendige underlagsdokumenta til neste revisjon. I forbindelse med utarbeiding av kommunedelplan for Varhaug sentrum har COWI gjennomført ei trafikkanalyse for Varhaug sentrum, der dei blant anna vurderer behovet for ein slik omkjøringsveg (sjå eigen rapport, vedlagt).

Samla sett vurderer ikkje COWI det som hensiktmessig å etablera ein omkjøringsveg sør for Varhaug. Hovudparten av trafikken på Fv. 504 i Varhaug vurderast å vera trafikk med ærend i Varhaug eller lokal trafikk, som ikkje vil bli flytta av ein omkjøringsveg. Det er sjølv sagt noko gjennomgangstrafikk med tunge kjøretøy mellom Grødalstrand/Kviamarka og E39, men det blir vurdert at denne trafikken aleine ikkje kan danna grunnlag for en ny omkjøringsveg.

Gjennomgangstrafikken på Fv. 504 i Varhaug vurderast å utgjera ein liten del av den samla trafikkmengda, og eventuell flytting av denne trafikken medfører ikkje reelle forbeteringar som står i forhold til utgittene til ein omkjøringsveg i Varhaug.

På bakgrunn av COWI sine trafikale vurderingar anbefalast det ikkje å etablera ein omkjøringsveg rundt Varhaug. Trafikkmengda som kan fjernast frå eksisterande vegar blir ikkje vurdert å ha stor nok effekt i forhold til kostnadane knytt til etablering av ein omkjøringsveg. Rådmannen tilrår ikkje at omkjøringsveg blir tema i ny kommuneplan.

### ***Omkjøringsveg Vigrestad***

Det er viktig å få avklart om me skal vidareføra omkjøringsveg aust for Vigrestad heilt fram til Haugstadvegen. Ei eventuell vidareføring treng ei grundig faglig vurdering før ein eventuell trasé kan innarbeidast i kommuneplanen. Ein ny vegtrasé vil delvis bryta med langsiktig grense mellom utbyggingsareal og landbruksområde.

Arbeidet bør derfor starta med ei transport- og trafikkanalyse for å avdekka behovet for ein slik veg. Dersom trafikkanalysen viser at det er behov for ei vidareføring av omkjøringsvegen, bør det tas vidare i ei meir detaljert vurdering og samanlikning av ulike traséval. Desse utgreiingane kan deretter danna grunnlag for drøfting med statlege og fylkeskommunale instansar før traséen eventuelt blir teikna inn på kommuneplankartet. Det vil vera mest hensiktmessig å få utarbeidd ei slik trafikkanalyse i forbindelse med ny kommunedelplan for Vigrestad sentrum.

### ***Føresegner***

Kommuneplanen inneholder eit omfattande regelverk (føresegner og retningslinjer) om bl.a. fortetting, leike- og opphaltsareal, parkering, og bygging i LNF-områda. Det er i fleire samanhengar stilt spørsmål ved forståing og tolking av dette regelverket. Føresegnebønna bør nå evaluerast for å sjå om det trengst justeringar eller presiseringar som gjer dei meir forståelege, eller som ryddar unødvendige misforståingar av vegen.

## *Andre planar*

Under dette punktet vil bare dei nye planane bli kommenterte, statusen til dei andre planane kjem fram av plantabellen på dei siste sidene.

### Kommunedelplan for Vigrestad sentrum

«Kommuneplan 2014-2028» blei godkjent av kommunestyret 10. desember 2014. I planen blei sentrumsområda avgrensa, utan at det er gitt nærmere reglar for korleis utvikling og utbygging skal skje innanfor desse områda. Visionar og mål, reglar og retningslinjer for utviklinga må konkretiserast gjennom eigne planprosessar for kvart enkelt sentrumsområde.

I forbindelse med behandling av K-sak 096/18 «Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022» blei det vedtatt eit tekstmøte som sa «*I løpet av planperioden må det startast opp arbeid med sentrumsplan på Vigrestad og omkjøringsvegen aust for Vigrestad*».

Det vil bli utarbeidd ein kommunedelplan for Vigrestad sentrum. Basert på erfaringane frå arbeidet med kommunedelplanane for Nærø og Varhaug sentrum vil det bli lagt vekt på at planarbeidet skal vera ope og tilgjengeleg med brei medverknad frå innbyggjarane. Det vil bli lagt opp til medverknadsmetodar som gjestebod, folkemøter, ulike typar verkstadar og barnetråkk. Det vil også bli lagt opp til at politikarane skal stilla opp i medverknadsprosessen, og bidra til ein lågterskeldialog mellom innbyggjarar og folkevalde.

### Områdeplan for Stokkalandsmarka sentrum

Stokkalandsmarka er utpeikt som eit hovudutbyggingsområde. Eit godt barnehage- og skuletilbod blir sett på som viktig for å tiltrekka seg tomte- og huskjøparar. Det same blir etablering av nærbutikk, idrettsområde og kollektivtransport. Ein moglegheitsstudie vil visa utviklinga av sentrum både for dei som allereie bur der, og for framtidige innbyggjarar.

Sommaren 2019 blei tre arkitektkontor invitert til eit paralleloppdrag for å få vist ulike moglegheiter og idéar for plassering av skule, barnehage og sentrumsfunksjonar. Bidraga blei presenterte for kommuneplanutvalet 26. november 2019. Samstundes blei dei lagt ut på kommunen sine heimesider, og noverande og framtidige innbyggjarar i Stokkalandsmarka blei inviterte til å mæla seg som gjestebodsvertar for å koma med sine synspunkt.

Med bakgrunn i moglegheitsstudiane og tilbakemeldingane frå gjesteboda skal det utarbeidast ein områdereguleringsplan for Stokkalandsmarka sentrum.

### Handlingsplan for velferd

Handlingsplan for velferd vil omfatte tenester til brukarar av kommunale NAV-tenester. Det er ei målsetting at planarbeidet skal gi mål og prioriteringar i arbeidet med å få brukarar av kommunale NAV-tenester til å klara seg sjølv. Ein del av dette området vil vera dekka av handlingsplan mot barnefattigdom og handlingsplan for bustadsosialt arbeid.

Handlingsplan for velferd inneheld òg plan for integrering av flyktningar. Flyktningane har ulike bakgrunnar og føresetnadar som kan gjera vegen til å bli fullt integrerte i lokalsamfunnet utfordrande. Dette gjer at handlingsplan for velferd vil ha fleire satsingsområde som speglar mangfaldet i arbeidet. Planarbeidet vil fokusera på å

tydeleggjera dei kommunale prioriteringane innanfor denne gruppa, og fastsetta kva tiltak me skal prioritera for at flyktningar skal integrerast i lokalsamfunnet. Mykje tilseier at kvalitet på tenestene kommunen tilbyr, med særleg vekt på tett oppfølging av den enkelte flyktning, styrker moglegheita for den enkelte til å bli sjølvhjulpen og integrert i lokalsamfunnet.

## Eigedomsstrategi

Det er eit aukande behov for kommunen sine tenester og behov for lokale til blant anna skular, barnehagar, omsorgsbygg og bustadar. Kommuneøkonomien er pressa og velferdstenestane er i endring. Aukande vedlikehaldsetterslep i kommunale bygg er i ferd med å bli ei utfordring. Eigedomsavdelinga er sentral i kommunen sin produksjon av velferdstenester.

I lys av gjeldande utfordringsbilete er det behov for å utarbeida ein eigedomsstrategi som peikar ut ei tydeleg retning og ambisjon for heile kommunen si eigedomsverksemrd. Ein ny eigedomsstrategi kan tena som ein plattform for prioritering, utvikling og styring. Gjennom overordna mål og ambisjonar kan eigedomsverksemda til kommunen strekka seg i rett retning mot optimalisering av eigedomsmassen, smartare og meir ressurseffektiv drift.

## Plantabell for kommunestyreperioden

Vurdering	Plan	Sak/dato	Type	FN
Ny	Kommunedelplan for Vigrestad sentrum		Kommunedelplan	11
	Områdeplan for Stokkalandsmarka sentrum		Områdeplan	11
	Handlingsplan for velferd		Temaplan	3
	Eiendomsstrategi		Strategidokument	11
Under arbeid	Kommunedelplan for landbruk	K-sak 110/19	Kommunedelplan	11,13
	Kommunedelpan for Varhaug sentrum	K-sak 086/17	Kommunedelplan	11
	Klima og energiplan for Hå kommune	K-sak 056/17	Temaplan	13
	Hovedplan for vei		Temaplan	11
	Kulturminnevernplan 2005-2016	K-sak 001/05	Temaplan	11
	Skolebruksplan 2019-2022	K-sak 081/18	Temaplan	4
	Barnehagebruksplan 2019-2022	K-sak 080/18	Temaplan	4
	Trafikksikker kommune	UTN 101/19	Temaplan	3,11
	Innkjøpsstrategi	PSU 004/17	Strategidokument	9
	Kommuneplan for Hå kommune 2014-2028	K-sak 073/14	Kommuneplan	11
Behov for revisjon	Delegeringsreglement for Hå kommune	K-sak 002/17	Overordna	17
	Overordnet beredskapsplan for Hå kommune	K-sak 055/17	Overordna	11
	Brannordning for Hå kommune	K-sak 099/16	Temaplan	11
	Kvalitetsplan for barnehage 2018-2021	K-sak 044/18	Temaplan	4
	Kvalitetsplan for skulane 2017-2020	K-sak 049/17	Temaplan	4
	Folkehelseplan for Hå 2019-2023	K-sak 038/19	Overordna omsorg	3
	Plan for helsestasjonstjenestene 2012-2016	K-sak 081/12	Temaplan	3
	Boligsosial handlingsplan 2013-2017	K-sak 050/13	Temaplan	3
	Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2013-2017	K-sak 57/13	Temaplan	3
	Plan mot vold i nære relasjoner	K-sak 12/15	Temaplan	3
	Plan mot barnefattigdom	K-sak 15/15	Temaplan	3
	Plan for Friskliv og mestring	K-sak 054/15	Temaplan	3
	Omsorgsplan 2015-2019	UHS 041/13	Overordna omsorg	3
	Eldreplan	K-sak 070/14	Temaplan	3
	Plan for ressurskrevende brukere	K-sak 14/15	Temaplan	3
	Rusvernplan	K-sak 16/15	Temaplan	3
	Plan for psykiskhelse	K-sak 055/15	Temaplan	3
	Plan for medisinsk rehabilitering	K-sak 13/15	Temaplan	3
	Plan for helse- og sosialbygg 2019-2022	K-sak 065/18	Temaplan	3
	Plan for frivillig arbeid 2018-2022	K-sak 064/18	Temaplan	3, 17
	Plan for helsemessig og sosial beredskap	K-sak 046/18	Temaplan	3
	Plan for psykososiale tiltak 2017-2020	K-sak 003/17	Temaplan	3
	Smittevernplan 2018-2022	K-sak 011/18	Temaplan	3
	Alkoholpolitiske retningslinjer 2016-2020	K-sak 042/16	Strategidokument	3
	Kommunedelplan for anlegg og område for idrett, friluftsliv og kulturbrygg 2004-2012	K-sak 021/04	Temaplan	11
	Instruks for gjennomføring av kommunale bygg- og anleggsprosjekter i Hå kommune	K-sak 014/17	Strategidokument	11

Vurdering	Plan	Sak/dato	Type	FN
Reviderast årleg	Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023	K-sak 104/19	Økonomiplan	3, 4, 9, 11, 13, 17
	Handlingsplan, Ordinære nærmiljøanlegg 2020-2023	K-sak 104/19	Handlingsplan	11
	Handlingsplan, Kulturbygg 2020-2023	K-sak 104/19	Handlingsplan	11
	Handlingsplan, Ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2020-2023	K-sak 104/19	Handlingsplan	11
Ikke behov for revisjon	Trafikksikkerhetsplan 2020-2023	K-sak 104/19	Handlingsplan	3,11
	Plan for turnett i Hå kommune	K-sak 085/18	Temaplan	11
	Kommunedelplan for Nærbø sentrum	K-sak 077/18	Kommunedelplan	11
	Digitaliseringsstrategi 2018	K-sak 025/18	Strategidokument	9
	Hovedplan for vann, vassmiljø og avløp	K-sak 014/18	Temaplan	9
	Eigarstrategi Hå kommune 2017-2020	K-sak 088/17	Strategidokument	9
	Arbeidsgjevarstrategi 2017-2021	K-sak 077/17	Strategidokument	9
	Eigarstrategi for Jæren Industripartnar AS	K-sak 073/17	Strategidokument	9
	Kommunikasjonsstrategi	Adm 011/17	Strategidokument	9
	Utbyggingsplan Stokkalandsmarka	K-sak 089/16	Temaplan	11
	IKT-Strategi Hå kommune 2016-2019	K-sak 011/16	Temaplan	9
	Kommunedelplan Kvassheim - Sirevåg	K-sak 51/95	Kommunedelplan	11
	Kommunedelplan Sirevåg - Eigersund	K-sak 69/04	Kommunedelplan	11
Bør utgå	Klima- og energiplan, klimagassutslipp og handlingsplan for Hå kommune 2010-2020	K-sak 006/11	Temaplan	13
	Avfallsplan 1995 - 1999	K-sak 63/95	Temaplan	11

